

Beiting i attgrodd utmark

-Den nære utmarka som beiteressurs

Søknad om tilskot Nofence til sau – Isdal Gard v/Kjersti Isdal

Sammandrag

I dag ligg den nære utmarka kring gardane på Isdal som unytta beiteressursar. Sauene beitar på innmarka, på tidlegare åkrar og slåttemarkar. Samstundes har den nære utmarka grodd att, og/eller vorten tilplanta med gran. Vi ønskjer å ta utmarksbeitet i bruk att. Vi har sau av rasen Gammalnorsk Spæl, som er tilpassa vårt klima og kulturlandskap og kan beite ute store delar av året. Men utfordringa i dag er mangel på gjerder, og ei gjerdeplikt som ikkje lenger vert halde i hevd. No gjer ny teknologi det mogleg å styre beitedyra med virtuelle gjerder, men prisen er fortsatt høg for ei sauedrift som har låg inntening. Vi ønskjer difor å søkje om midlar til å investere i denne teknologien.

Ved å ta i bruk att dei nære utmarksbeita kan det bidra til å:

- gje auka vekst, helse og trivsel til beitedyra gjennom betre beitetilgang
- auka næringsutviklinga i landbruket, betre ressursbruk og inntjening
- auke bruk av garden sine eigne ressursar, og få betre sirkulære verdikjeder i landbruket
- styrke landskapsverdiar kring kulturmiljøet på gardane
- auke rekreasjonverdien til turgåarar ved å få eit opnare og meir velstelt beitelandskap



Sauene beitar i dag på innmark. Vi ønskjer å ta i bruk den nære utmarka som ein kan skimte i bakgrunnen, som har lagt brakk og attgrodd i ei årrekke. Den gamle steingarden ligg i skiljet mellom innmark og utmark, med fleire smalhus av stein innlemma.

Bakgrunn

Isdal gard driv med Gammalnorsk Spælsau (GNS), som beitar ute i kulturlandskapet kring klyngetunet på Isdal heile året. Vi er oppteken av å nytte alle ressursane på garden, og skape eit grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling i landbruket med fokus på lokale råvarer og opplevingar. Vi tek vare på ulla og har fått produsert garn frå eigne sauer. Vi har skinnfellar for sal, som av denne sauerasen er spesielt fine. Det er eit kontinuerleg arbeid på garden med å betre beiteressursane, auke eigen kunnskap om drift, og med målretta avl, for å få fram sterke dyr med gode kvalitetar.

Til no har sauene beita på innmark, men vi har eit sterkt ønske om å få ta i bruk den nære utmarka til beite – ein ressurs som i lang tid har lagt unytta og attgrodd. Dette ville gitt eit betre grunnlag for drifta, med større beiteareal, lågare snyltepress, og meir variert kost for sauene. Dette vil og gje betre helse og trivsel for dyra, og samstundes betre kvaliteten på produkta som sauene gjev (kjøt, ull, skinn). Det ville og gjere det og mogleg å auke tal dyr, som gjev betre økonomi og forutsetnad for å vidareutvikla drifta.

Utmarka strekker seg frå Isdal sørover mot Knarvik, og aust- og nordover mot Gjervik og Aase. (Knarvik er som kjend bygd på delar av utmarka til gardane Isdal og Ytre Gjervik). Her er namn som Stølen og Juvikstølen som fortel om tidlegare beitebruk. Det gjekk kyr i utmarka til 1980-talet, og sauer fram til ca 2000. Ein fordel ved å nytte dei nære utmarksbeitene er oftare/enklare tilsyn med dyra, enn om ein sender dei til fjells.

Isdalgardane med klyngetunet og kulturlandskapet har status som kulturmiljø av regional verdi. Skjøtsel av kulturlandskapet ved beiting aukar landskapsverdiane i området. Ved å ta i bruk den nære utmarka vil opplevinga av heilskapen få større verdi, både som landskap og kulturtradisjon. Det går mange populære stiar/ferdselsvegar gjennom utmarka til Isdal, som er mykje brukt av busetnaden i Knarvik og omegn. Skjøtsel av utmarka vil dermed gje større verdi for turgåarane.

Gjerdeløysing

Per i dag er det uråd å sleppe dyr på beite i utmarka pga manglande gjerder, særleg mot Knarvik. Gjerdeplikta gjeld enno for kvar enkelt grunn- og huseigar (dette gjeld og i Knarvik), men det er svært krevjande å hevde denne slik samfunnstilhøva er i dag. Å setje opp nye gjerder er ikkje berre kostnadskrevjande, men aller mest tidkrevjande, all den tid vi er deltidsbønder som må basere oss på ettermiddag- og helgearbeid. Med ny teknologi som Nofence kan dette løysast, men det er store kostnader knytt til innkjøp og bruk. Ved å bruke Nofence-teknologi unngår ein og å setje opp gjerder som sperrar for ferdsel.



Nofence er eit system for virtuell inngjerding av beitedyr som gjer det enkelt å gje dyra tilgang til gode og varierte beiter. Via Nofence-appen kan ein alltid følge med på flokken. Slik har ein full oversikt og sikrar at dyra har det bra. Teknologien vart først tilgjengeleg for geit og storfe, men er no godkjent for sau.

Budsjett


Me ønskjer med dette å søkje om kr 20 000,- i tilskot hjå SMIL-ordninga til innkjøp av Nofence-klavar til vaksne sauer (per okt 2022 har vi 19 vinterfora sauer). I tillegg til klavane som er ei eingongsinvestering, kjem utgifter til årleg abonnement. Vi har lagt inn abonnementsavgifter for eitt år i kostnadsoverslaget.

Kostnadsoverslag:

Nofence	Pris pr stk	stk	Kostnad
Klavar, småfe	1 850	19	35 150
Abonnement (pr dag 3 kr pr klave x 124 dager/4 mnd)	372	19	7 068
Batteri og ladar	1 000	2	2 000
Sum			44 218

Finansiering:

Nofence			Kostnad
Tilskot SMIL			20 000
Tilskot næringsfond			15 000
Eigne midlar			9 218
Sum			44 218



Kart som viser (i raudt) døme på område av utmarka som vi ønskjer å ta i bruk som beiteområde.

Mvh

Isdal Gard v/Kjersti Isdal

Isdal 85

5916 Isdalstø

Produsentnr: 4631104736

Org.nr: 982 939 135

Bankkontonr: 6529 05 16336